



Etnedal kommune

Plan og teknisk

Bergene Anlegg As
Etnedalsvegen 2296
2890 ETNEDAL

Administrativt vedtak

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkivsak:	ArkivID:	Vår dato:
	SAGKAR - 26/3528	26/690	GBNR- 120/111, K2- M55	03.07.2026

Saksnr.	Utvalg
111/26	Kommunestyret

Vedtak om utsleppsløyve - gnr 120 bnr 111 - Småtjednvegen 21

Tiltak: Avløpsanlegg
Byggested: Gbnr: 120/111 Småtjednvegen 21
Tiltakshaver: Svein Arne Bergli
Ansvarlig søker: Va - Prosjekt & Anlegg As

Vedtak

Etnedal kommune godkjenner etablering av avløpsanlegg og utslepp av sanitært avløpsvatn på gnr. 120, bnr. 111. Avløpsanlegget skal etablerast i tråd med *Forskrift om utslipp av avløpsvann fra avløpsanlegg som ikke overstiger 50 pe, Etnedal kommune*.

Utsleppsløyvet gjeld frå vedtaksdato og er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5. Løyve til bygging av avløpsanlegget er gitt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 20.

Avløpsanlegget skal bestå av

- Slamavskiljar for totalavløp på minimum 4 m³ med pumpekum.
- Infiltrasjonsgrøft på 12 meter - infiltrasjonskammer i stadlege massar.

Anlegget skal dimensjonerast for 5 pe og omfatte både svartvatn og gråvatn frå fritidsbustaden.

Vilkår for løyva

- Avløpsanlegget skal etablerast i samsvar med forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13 og søknadsdokumentasjonen.
- Anleggseigar er ansvarleg for forureining frå anlegget.
- Slamavskiljaren skal registrerast i Valdres Kommunale Renovasjon sitt tømmesystem og tømmast etter gjeldande tømmerutinar.
- Tilkomst for tømming må vere sikra, jf. krav til køyreveg, avstand og høgdeforskjell.

Besøksadresse:	Postadresse:	Telefon:	Organisasjonsnummer:
Kyrkjevegen 10	2890 Etnedal	61 12 13 00	933 038 173
E-mail: postmottak@etnedal.kommune.no			
www.etnedal.kommune.no			

- Ferdigmelding skal sendast kommunen før anlegget blir teke i bruk.
- Kommunen kan krevje tilkopling til offentleg vatn- og avløpsanlegg dersom dette blir tilgjengeleg i området.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan tre år eller blir stansa i meir enn to år.

Som ansvarleg søker er VA Prosjekt & Anlegg AS, org.nr. 915 965 512, ansvarleg for samordning av dei ulike oppgåvene knytt til tiltaket og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar.

Saksopplysninger

Lovgrunnlaget

Vedtaket er gjort med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5, lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg i Etnedal kommune og plan- og bygningslova § 20-1.

Informasjon om saka

VA Prosjekt & Anlegg AS søker på vegner av Svein Arne Bergli om utsleppsløype for etablering av nytt avløpsanlegg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 120, bnr. 111, Småtjednvegen 21.

Det er søkt om etablering av fullinfiltrasjonsanlegg for svart- og gråvatn etter slamavskiljing. I samband med søknaden er det gjennomført infiltrasjonstest som dokumenterer gode infiltrasjonsforhold på eigedomen.

Avløpsanlegget skal bestå av:

- slamavskiljar på minimum 4 m³ med pumpekum,
- infiltrasjonsgrøft på 12 meter.

Anlegget er dimensjonert for 5 pe og om lag 600 liter avløpsvatn per døgn. Forventa renseseffekt er minimum 95 % reduksjon av fosfor og organisk stoff.

VA Prosjekt & Anlegg AS, org.nr. 915 965 512, erklærer ansvarsrett for SØK og PRO.
Bergene Anlegg AS, org.nr. 919 255 684, erklærer ansvarsrett for UTF.

Tiltaket er nabovarsla utan innvendingar frå varsla partar.

Begrunnelse

Grunngjeving

Det er søkt om utsleppsløype for nyetablering av avløpsanlegg til eksisterande fritidsbustad. Løyvet er vurdert med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 12, lokal forskrift om mindre avløpsanlegg, naturmangfaldlova §§ 8–12, vassforskrifta § 12, kulturminnelova § 3 og plan- og bygningslova kapittel 27 og 30.

Arealbruk og lokalisering

Eigedomen ligg i LNF-område med eksisterande fritidsbustad. Tiltaket omfattar etablering av avløpsanlegg til eksisterande bebyggelse og medfører ikkje endra arealbruk utover dei tekniske installasjonane som er nødvendige for avløpsløyvinga.

DOK-analysen viser ikkje konflikt med registrerte naturtypar, prioriterte artar, naturvernområde eller registrerte kulturminne. Eigedomen ligg innanfor kartlagt viktig friluftslivsområde, både som strandsone langs vassdrag og som stort turområde utan tilrettelegging. Kommunen vurderer at etablering av infiltrasjonsanlegg ved eksisterande fritidsbustad ikkje vil medføre vesentleg negativ påverknad på desse interessene.

NIBIO sin arealrapport(Kilden) viser at området hovudsakleg består av skog, bebygd areal og ferskvatn, utan jordbruksareal eller dyrkbar jord. Tiltaket kjem derfor ikkje i konflikt med jordvernomsyn.

Vegtilkomst og tilgjenge for tømming

Etter visuell vurdering av kartgrunnlaget er det etablert køyreveg fram til eigedomen.

For å oppfylle krava i forskrift om tømming og tilsyn av mindre avløpsanlegg i Valdres skal:

- det vere køyrbar veg fram til slamavskiljaren,
- avstanden frå oppstillingsplass for tankbil til slamavskiljaren ikkje overstige 15 meter,
- høgdeforskjellen ikkje overstige 5 meter.

Tiltakshavar har ansvar for at desse krava er oppfylte ved ferdigmelding.

Naturmangfald (nml. §§ 8–12)

Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 som tilstrekkeleg.

Gjennom DOK-analysen, Vann-Nett, NIBIO(Kilden) og innsend dokumentasjon ligg det føre eit oppdatert og tilstrekkeleg grunnlag for vurderinga.

Det er ikkje registrert naturtypar, prioriterte artar eller andre naturverdiar med særleg verneverdi innanfor tiltaksområdet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 tilseier derfor ikkje at tiltaket skal avslåast.

Det er heller ikkje dokumentert forhold som tilseier at tiltaket vil medføre uakseptabel samla belastning på økosystemet, jf. naturmangfaldlova § 10.

Vassmiljø og kulturminne

Avløpet skal reinsast gjennom slamavskiljar med etterfølgjande infiltrasjon i stadlege massar.

DOK-analysen viser at eigedomen ligg i eit område med fleire registrerte bekkar, innsjøar, dreneringslinjer og vassførekomst. Det planlagde infiltrasjonsanlegget er plassert på nordsida av ein bekk som renn gjennom eigedomen. Bekken drenerer vidare til vassførekomstane Gjerda og Garin, som begge har registrert god økologisk tilstand og miljømål om å oppretthalde god tilstand etter vassforskrifta. For vassførekomsten Gjerda er utslepp frå separate avløpsanlegg registrert som ei eksisterande påverknad, men med liten påverknadsgrad.

Kommunen har derfor vurdert plasseringa av infiltrasjonsanlegget særskilt opp mot omsynet til vassmiljø og resipient.

NGU sitt lausmassekart viser både morenemateriale og område med torv og myr i nærområdet, der infiltrasjonsevna varierer. Samtidig ligg det føre infiltrasjonstest utført på

den aktuelle eiegenomen som dokumenterer gode lokale infiltrasjonsforhold, med målt synkehastigheit på 3,50 cm/min og om lag 1 meter til grunnvatn eller fjell. Kommunen legg størst vekt på den stadlege grunnundersøkinga, då denne gir eit vesentleg meir presist grunnlag for vurderinga av den planlagde anleggsplasseringa enn regionale lausmassedata. Det er registrert grunnvassborehol i nærområdet, men det ligg ikkje føre opplysningar om drikkevasskjelder som kan bli påverka av tiltaket. Det er heller ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at det omsøkte infiltrasjonsanlegget vil gi høg renseeffekt og at utslippet ikkje vil medføre forringing av miljøtilstanden i resipienten eller vere til hinder for at miljømåla etter vassforskrifta blir nådde. Føresetnaden er at anlegget blir etablert og drive i samsvar med godkjend søknad og prosjektering.

Tiltaket er elles vurdert å ikkje vere i strid med friluftsliv eller andre allmenne interesser.

Gebyr

Søknaden gjeld eiegenom i LNFR-område. Gebyr for handsaming av søknad om utsluppsløyve er derfor kr 6 500,- i samsvar med Etnedal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

Høve til å klage

Vedtaket er fatta i medhald av delegasjonsreglementet og kan i medhald av forvaltningslova §§ 28–36 klagast på. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket er gjort kjent for dykk. Klaga skal sendast skriftleg til Etnedal kommune. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir saka sendt til klageinstansen for endeleg avgjerd. Du har rett til å gjere deg kjent med sakas dokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing

Kari-Elin Solberg Saglien
Rådgiver

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.